

**Valprogram for
Raud Valallianse
i Odda 2003 - 2007**

Forsvar velferden!



Sjukehuskampen – eit godt døme på tverrpolitisk og folkeleg mobilisering.



***tar parti for
vanlege folk***

RV – det radikale alternativet

Heilt frå den første industrireisinga for snart hundre år sidan, har eit av Odda sine særmerke vore ei radikal og til tider revolusjonær arbeidar-rørsle. RV ynskjer å føre vidare og utvikle denne tradisjonen. Om verda endrar seg dramatisk, har ikkje klas-seskilnadene blitt mindre.

RV ynskjer å vere på parti med van-lege folk og sjå verda nedanfrå.

RV ynskjer at folk i Odda er aktive og engasjerer seg for å få løyst utfor-dringane i lokalsamfunnet.


RV lovar å støtte folk som vil kjempe for gode kollektive løysingar og mot overgrep og undertrykkjing.

RV er eit demokratisk og sosialistisk parti som ikkje trur at den frie mark-

naden og pengemakta er svaret på utfordringane i samfunnet. For å hindre offentleg fattigdom, utvikle livskraftige lokalsamfunn og auka demokratisk innverknad, er det naudsynt med politisk mobilisering og styring av mark-nadskreftene.

RV meiner at omsynet til naturen og folks behov – ikkje kortsiktig profitt – skal avgjere samfunnsutviklinga.

Mandatfordelinga i Odda 1999 - 2003



RV har vore representert i Odda kommunestyre sidan 1975 og vart fjerde største parti ved siste val med 9,5 % av røystene og 3 representantar.

Hovudsaker for RV

Industripolitikken

Odda er ein kraft- og industrikommune som er avhengig av ein konkurranse-dyktig industri med gode nasjonale rammevilkår. Den lokale krafta må og i framtida vere grunnlaget for lokal verdiskaping. Dette må kombinerast med ei offensiv miljøsatsing, vidareutvikling av produkt, kompetanse og knoppsky-ting. Ei hovudutfordring dei neste fire åra vil vere å skape mange nye arbeids-plassar og aktivitetar på Smelteverkstomta.

Kulturkommunen

Skal det vere godt å bu i eit lokalsamfunn, treng vi samhald, mangfald og identitet til staden vi bur på. Folk i Odda har tradisjon for å stå saman når det røyner på (t.d. i kampen for lokalsjukehuset). Dei kulturelle tradisjonane kan inspirere og utvikle engasjement. Den kulturelle satsinga må bli enno tydelegare. Dei mange spirene til eigenaktivitet som stadig skyt opp, må få sjansen til å vekse. Dette kan gje grunnlag for at fleire utflytta oddingar vil kome heimatt – og at nye kulturbaserte arbeidsplassar blir skapte.

Kommunikasjon

Skal Odda kunne oppleve vekst i det nye hundreåret, er og betre kommunikasjon innad og med omverda avgjerande. Både informasjonsstraumen og person- og varetransporten treng radikale endringar. Det trengs betre strategiar for korleis informasjonsteknologien kan gje Odda vekst, og samstundes sikre tidsmessige og kollektive løysingar innan samferdsle. Kommunen må snarast i samråd med innbyggjarane finne varige, miljøvenlege vegløyser for Odda tettstad.

Odda kommune som arbeidsgjevar

Odda kommune er den største arbeidsgjevaren i distriktet, med eit stort fleirtal kvinneløge tilsette. Kommunestyret har stor innverknad på korleis dette ansvaret blir skjøtta. RV går imot privatisering av tenester som tradisjonelt har vore kommunale. Samstundes har innbyggjarane krav på kvalitet på dei tenestene kommunen tilbyr. Dette krev auka ansvar, kompetanse og samordning. Ein føresetnad er at dei tilsette vert ein ressurs i dette arbeidet. Samtundes må kommunestyret ilag med dei tilsette og innbyggjarane utfordre dei statlege styresmaktene som svekkar kommuneøkonomien og distrikta.

Forsvar lokaldemokratiet

RV ynskjer at folk engasjerer seg meir i politiske spørsmål. Då må innbyggjarane bli tatt med på råd og bli tatt på alvor. Dei siste åra har RV m.a. foreslått opne budsjett høyringar og folkemøte både om det nye Torget, nye aktivitetar på Smelteverkstomta og varige trafikkløysingar i Odda. Budsjett høyringar, folkemøte, opne temamøte i Røldal, Skare og Tyssedal og folkerøystingar i viktige lokale saker kan vitalisere lokaldemokratiet. RV vil og halde fram med å rådføre seg med dei som sakene gjeld, og kreve at alle som tar kontakt med kommunen får eit snarleg svar.

Industri, arbeidsplassar og miljø

- ✓ Forsvar den kraftkrevjande industrien – grunnlaget for Odda kommune
- ✓ Nei til norsk EU-medlemsskap
- ✓ Sei opp EØS-avtalen – inngå handelsavtalar
- ✓ Full sysselsetjing og strenge miljøkrav – to sider av same sak
- ✓ Auka vidareforedling av råvareprodukt i Odda
- ✓ Rimeleg lokal kraft til innbyggjarane og næringsutvikling
- ✓ Sats på energisparetiltak og energieffektivisering – nytt spillvarmen frå industrien til fjernvarmenett på Eitrheim, i Odda sentrum og i Tyssedal
- ✓ Opprustning av eldre kraftanlegg og linjenett
- ✓ Nytt utsprengt stein til samfunnsgagnlege formål
- ✓ Gjeninnfør statlege tilskot til kloakkreinseanlegg
- ✓ Nei til privatisering av offentlege tenester – betre samordning av ressursane
- ✓ Nei til sal av Odda Energi A/S – oppløys Odda Energi som aksjeselskap
- ✓ Forsvar faste arbeidsplassar mot korttidskontraktar og kontraktørverksemd
- ✓ Krav om tariffavtale ved kommunale oppdrag
- ✓ Solidaritet og samarbeid mellom dei truga industrisamfunna

Kultur

- ✓ Sats på fleire kulturbaserte arbeidsplassar
- ✓ Vidareutvikling av kultur- og musikkskulen
- ✓ Kulturstipend til profesjonelle kunstnarar for å styrke eigenaktiviteten
- ✓ Gratis lokale til kulturorganisasjonar
- ✓ Opprustning og vidareutvikling av biblioteket
- ✓ Minst 50% nynorsk i Odda kommune
- ✓ Ein million årleg til Kulturfondet
- ✓ Styrk Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
- ✓ Auka satsing på Meieriet Kulturhus

Flyktningar/innvandrarar

- ✓ For eit fargerikt og fleirkulturelt fellesskap i Odda
- ✓ Nei til rasisme og framandhat
- ✓ Framleis mottak av flyktningar og innvandrarar på humanitært grunnlag
- ✓ Betre undervisning i norsk og samfunnsfag
- ✓ Gje våre nye landskvinner og –menn jobb i Odda
- ✓ Styrk antirasistiske haldningar i skuleverket

Samferdsle/kommunikasjon

- ✓ Ras- og trafikksikring skal ha førsteprioritet
- ✓ Odda tettstad må skjermast for gjennomgangstrafikken
- ✓ Ja til lang Jondal-tunnel – del av framtidig stamveg aust-vest
- ✓ Tofeltsveg med gul midtstripe til Bergen, Haugesund og Oslo
- ✓ Nei til Hardangerbru – styrk ferje- og snøggbåt-tilbodet

- ✓ Ja til høgfartsbane over Haukeli – støtt Norsk Bane A/S
- ✓ Større satsing på kollektivtrafikken – oftare og billegare avgangar
- ✓ Betre samordning av rutetrafikken – avgiftsfrittak for kollektivtrafikken
- ✓ Styrk infrastrukturen innan informasjonsteknologi (IT)
- ✓ Betre kommunal samordning av IT-utviklinga i Odda
- ✓ Sterkare satsing på IT-opplæring i skulen, i kommunen og innan vaksenopplæring

Likestilling og kvinnefrigjerung

- ✓ Hev løna i kvinnedominerte yrke = ja til likeløn
- ✓ Gjennomfør prøveprosjekt på 6-timarsdagen i kommunen
- ✓ Kvinner skal ha rett til heil stilling – stopp spekuleringa i deltidstillingar
- ✓ Deltidstilsette skal ha same rettar som heiltidstilsette
- ✓ Radikal kjønnskvotering – slepp kvinnene til
- ✓ Før likestillingspolitikk i praksis – minst 40% kvinner i kommunale utval
- ✓ Eitt års fødselspermisjon med full løn
- ✓ Stopp all seksualisert vald og kvinneundertrykking
- ✓ Stopp all porno – porno er kvinneforakt
- ✓ Full støtte til Krisesenteret

Barne- og ungdomspolitik

- ✓ Gratis offentlege barnehagar og skulefritidsordning for alle barn
- ✓ Nei til auke i foreldrebetalinga
- ✓ Full bemanning og gode arbeidstilhøve i barnehagane
- ✓ Trygge leikeplassar i alle bustadområde
- ✓ Kommunal barne- og ungdomsombod
- ✓ Styrk barnevernet – barnevernet for barnet si skuld – akutttilbod for barn
- ✓ Livssynsøytral føremålsparagraf i barnehage og skule
- ✓ Gje ungdommen skuleplass eller jobb
- ✓ Kommunen og bedriftene må ta inn maksimalt med lærlingar og gje skuleungdom somarjobb
- ✓ Årleg støtte til borgarleg konfirmasjon og Humanetisk Forbund
- ✓ Gjenopprett Utekontakten
- ✓ Eit grønt og barnevenleg sentrum

Kampen mot rus

- ✓ Førebyggjande arbeid mot rusproblemet – foreldra må mobiliserast
- ✓ Ta ungdommen på alvor – styrk kulturtilbodet i helgene
- ✓ Kafe Stimen – alkoholfritt tilbod også i helgene
- ✓ Støtt Natteramnane
- ✓ Skjerpa kontroll av skjenkevedtektene
- ✓ Vidareutvikling av bustadtilbod for rusmisbrukarar – med nødvendig tilsyn
- ✓ Betre ettervern og program for arbeidstrening

Eldreomsorg

- ✓ Bygg nok sjukeheims plassar – enkeltrom for alle som ynskjer det
- ✓ Gjennomfør den eldrepolitiske handlingsplanen – auka statlege tilskot
- ✓ Gratis heimehjelp og heimesjukepleie i takt med behovet
- ✓ Standardheving og rimelege husleiger i pensjonist- og trygdebustadene
- ✓ Betre legetenester for dei eldre
- ✓ Brøyting og strøing av fortaua – la dei eldre kunne gå trygt om vinteren

Bustadpolitikk

- ✓ Gjer Odda sentrum til eit attraktivt buområde
- ✓ Legg til rette for varierte bustadformer
- ✓ Stopp sal av kommunale bustader – styrk vedlikehaldet
- ✓ Rimelege bustader for vanskelegstilte
- ✓ Legg til rette for nok omsorgsbustader
- ✓ Framleis rimelege tomter i utkanstroka

Andre helse- og sosialsaker

- ✓ Framleis kamp for full drift ved Odda Sjukehus
- ✓ God omsorg for og integrering av utviklingshemma
- ✓ Funksjonshemma skal ha tilgang til alle offentlege bygg

Grunnskulen

- ✓ Auka øymerka statlege tilskot til grunnskulane
- ✓ Ikkje over 20 elevar i klassane
- ✓ Hald oppe språkdelinga i skulen
- ✓ Godt inneklima og vedlikehald i alle kommunale skulebygg
- ✓ Betre leikeareal ved Odda barneskule
- ✓ Trygge skuleveggar og skyssordningar
- ✓ Forsvar skulefritidsordninga (SFO)

Idrett og fritid

- ✓ Set alle idrettsanlegga i kommunen i full stand
- ✓ Utebasseng med oppvarma vatn i Odda
- ✓ Rust opp laksetrappa i Opo
- ✓ Fiskekultivering i Sandvinsvatnet
- ✓ Forsvar almenningsrettane i Hardangervidda nasjonalpark og nærrområda
- ✓ Gjer Folgefonnrådet til nasjonalpark
- ✓ Veglys i Buerdalen
- ✓ Ta vare på reinsdyrstamma på Hardangervidda

***Røyst RV ved kommune-
og fylkestingsvalet!***

Noen av dei første kandidatane på RV-lista framfor Tusenårsstaden til kommunen – Tysso 1 kraftstasjon.



Frå venstre: Trond Seim, Dijana Milicevic Saga, Terje Kollbotn, Solveig Våde og Terje Larsson.

Nærare presentasjon av dei kumulerte på RV-lista:

Terje Kollbotn (bygg- og anleggsarbeidar) har vore kommunestyrerepresentant sidan 1991 og har vore medlem av Plan- og næringskomiteen og formannskapet. Han har og vore leiar av LO i Odda og Omland, Odda Bygningsarbeiderforening, Hardangeraksjonen mot EU og Hordaland RV. Han er kandidat til fylkestinget.

Solveig Våde (trygda) har vore kommunestyrerepresentant sidan 1991 og m.a. vore medlem av Miljøteknisk komite. Solveig har hatt ulike tillitsverv i den lokale fagrørsla og har spesielt vore engasjert i fagleg kvinnepolitikk. Ho var ei av initiativtakarane til å få starta Krisesenteret for kvinner i Odda og Omland.

Terje Larsson (industriarbeidar) er ny som kandidat til kommunestyret. Terje har tidlegare vore medlem av Arbeidarpartiet og tidlegare leiar innan jentefotball. Han er aktiv i Radio Folgefonn, leiar av Odda Hørselslag og mangeårig tillitsvald innan Odda Kjemiske Arbeiderforening og LO i Odda og Omland.

Raud Valallianse (RV)

Liste ved kommunevalet i Odda den 15.september 2003

1. Terje Kollbotn, bygg- og anleggsarbeidar
2. Solveig Våde, trygda
3. Terje Larsson, industriarbeidar
4. Dijana Milicevic Saga, assistent
5. Aslak Jonvik, industriarbeidar
6. Karin Rasmussen, assistent
7. Trond Seim, skiftvaktingeniør
8. Solveig Hus, industriarbeidar
9. Oddbjørn Helle, platearbeidar
10. Sigrun Instefjord, skolebibliotekar
11. Håkon I. Moldøen, skoleelev
12. Bjørg Gunvor Pedersen, industriarbeidar
13. Ivar Myklebust, industriarbeidar
14. Roald Johannessen, industriarbeidar
15. Åse Otteren, industriarbeidar
16. Øyvind Støpamo, pensjonist
17. Sylvi Tvedt, omsorgsarbeidar
18. Albert Brettvik, mekanikar
19. Hjørdis Borgne Svan, heimeverande
20. Åge Kvamme, pensjonist
21. Solveig Kvamme, næringsdrivande
22. Leif Kindem, mekanikar
23. Sigrid Tyssedalstveit, adjunkt
24. Asbjørn Andersen, pensjonist

Ynskjer du å vite meir om vår politikk?
Har du lyst til å bli medlem i Odda RV?
Vil du støtte oss økonomisk eller på andre måtar?

Ta kontakt med ei(n) av oss – eller skriv til Odda RV
postboks 287, 5751 Odda – giro 05304215471

Heimesida vår på internett har adressa www.oddarv.no.
E-postadressa vår er oddarv@rv.no.

Høyr på "Raud Mix" – RV si valsending i Radio Folgefonn
– kvar tirsdag kl. 18.00, med reprise kvar fredag kl. 20.00.